

## Prosjektskildding

### Arkeologisk registrering Fv 561 Kolltveit-Ågotnes, Fjell kommune, utvida plangrense 2017

#### Føremål – oppfylle § 9 i kulturminnelova

Påvise og avgrense automatisk freda kulturminne i planområdet.


#### Planområdet

Planområdet strekkjer seg frå Kolltveit i sør via Fjæredpollen og Stegavatnet til Ågotnes i nord. Landskapet er stort sett ope, men her er og meir kuperte område med bratte skrentar og lune drag. Arealet er i stor grad urørt av moderne tiltak. Høgde over havet samt topografiske tilhøve indikerer at delar av det utvida planområdet har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, særleg steinalderbuplassar. I samband med varsel om oppstart av arbeidet med Fv 561 Kolltveit-Ågotnes vart det i 2016 gjennomført arkeologiske registreringar i planområdet. Det vart då påvist tre automatisk freda kulturminne frå steinalder (Askeladden id. 219651, 219652 og 219653), samt to ikkje automatisk freda funnstadar frå steinalder. Det vart og registrert nyare tids kulturminne i form av steingardar, bakkemurar, rydningsrøyser og ruinar.

#### Vurdering – potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne

Kysten av Hordaland har generelt bydd på gode vilkår for busetnad i steinalder, ikkje minst på ytre delar av kysten. Det er kjent ei rekke steinalderbuplassar i t.d. Øygarden, Fjell, Sund, Bergen, Austevoll og Bømlo.

Sidan 2006 har Hordaland fylkeskommune hatt verktøy til å generere lokale strandforyskyvningskurver i heile fylket. Dette er i dag eit viktig arkeologisk arbeidsverktøy, m.a. ved planlegging av registrering, då steinalderbusetnad frå den aller tidlegaste pionerbusetnaden etter siste istid (9200 f.Kr) og fram til midtre del av yngre steinalder (2400 f.Kr.) i all hovudsak var strandbunde, dvs inntil omlag 3 m over samtidig strandlinje. Tilhøvet mellom endra havnivå og landheving etter siste istid er forskjellig i ulike delar av landet, og kan òg ha store lokale forskjellar over mindre område. Særskilt på Vestlandet er ein karakteristisk topp på kurva ved ca 6120 før nåtid (tapes maksimum). Frå tapes maksimum og utover synk havnivået relativt sakte gjennom yngre steinalder og framover. Dette har medført at havnivået har vore stabilt over ein periode på fleire hundre år, og derigjennom at same areal har vore attraktivt for gjentatt busetnad over lengre tidsrom. Strandforyskyvningskurva viser at det er potensiale for funn av steinalderbuplassar i delar av planområdet.



Strandforyskyvningskurve for området ved Fjæredpollen.

### Feltmetode

Delar av det utvida planområdet har potensiale for funn av lokalitetar frå steinbrukande tid. Det aktuelle arealet vil bli overflaterregistrert for å påvise eventuelle strukturar synlege på overflata. I areal som har vore egna for steinalderbusetnad, vil ein grave prøvestikk med spade for å påvise eventuelle aktivitetsspor. Prøvestikking føregår ved å grave prøveruter på omlag 40x40 cm ned til steril undergrunn. Jordmassane i prøvestikket blir vassålda i 4 mm såld for å fange opp eventuelle gjenstandar. Funnførande (positive) stikk blir dokumentert ved teikning og foto, samt planskisse over lokaliteten si utstrekning. Dersom materiale egna for C14-datering blir observert, tek ein eventuelt ut ei jordprøve for datering. Alle prøvestikk (positive og negative) blir innmålt med GPS. Prøvestikka blir gjenfylt innan feltarbeidet blir avslutta.

### Etterarbeid og rapport

Etter feltarbeidet vil resultatane frå registreringa bli systematisert og samanfatta i ein rapport som vert send til tiltakshavar. Kartfiler som viser automatisk freda kulturminne kan gjerne sendast ut før den endelege rapporten er ferdigstilt, dersom det er ønskjeleg.

### Budsjett

Budsjettet inkluderer arbeidstid til for-, felt- og etterarbeid, reiseutgifter, naudsynt utstyr, eventuelle C14-dateringar og katalogisering av funn ved Universitetsmuseet i Bergen. Hordaland fylkeskommune har estimert omfanget av feltarbeid til inntil 60 timar (2 arkeologar i 4 dagar). Etterarbeid og rapport er estimert til inntil 30 t (1 arkeolog i 4 dagar). Budsjettet tek høgde for ekstern analyse av inntil 2 C14-dateringar ved funn av eventuelt daterbart materiale, t.d. trekol som kan setjast i samanheng med førhistorisk aktivitet. I nokre tilfelle finst det opphoping av trekol i jordmassane (kulturlag) på ein steinalderbuplass som er brukt over eit lengre tidsrom. Dette er ei særskilt problemstilling på Vestlandet på grunn av den karakteristiske strandforskyvingskurva. Vidare kan det òg på buplassar nytta over kortare tid (t.d. eit einskild opphald), vere bevarte eldstader eller andre strukturar som inneheld trekol. Saman med eventuelt daterbart funnmateriale (typologisk datering) er C14-datering av organisk materiale svært viktig for å dokumentere buplassen sin bruksfase, og eventuelt å kunne skilje ulike bruksfasar frå kvarandre på buplassar som har vore i bruk svært lenge. Avhengig av omfang og oppløysing på datamaterialet frå den einskilde lokalitet, kan det vere naudsynt å datere frå ein til fleire prøvar frå same buplass. Vi forventar ikkje at alle lokalitetar vi påviser vil ha kulturlag eller strukturar, og har i dette tilfellet budsjettert med inntil 2 prøvar.

Ut frå topografiske høve og dei funn ein kan forvente i dette planområdet, forventar vi ikkje å ha trong for grave-maskin til dette prosjektet.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar berre blir fakturert for medgått tid og faktiske kostnader. Vi gjer vidare merksam på at dersom det skulle inntreffe vesentlege uforutsette tilhøve, kan det bli naudsynt å utarbeide revidert budsjett. Vi vil i så fall varsle tiltakshavar om dette så snart som råd.

Kostnadsoverslaget er utarbeidd etter Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer som trådte i kraft 01.01.2016, jf. <http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/For-forvaltningen/Arkeologi/Budsjett-og-regnskap>